

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 5 ADVENT 2012
37. ARGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Linda Rea Herland	56 19 22 84
Trent Bruner	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Linda Rea Herland 980 58 770
Organist Trent Bruner 56 19 22 85

Kyrkeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:


Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Advent

Det er tid for advent. Vi går inn i året sin siste måned, samstundes som kyrkja tek til med sitt nye år. "Adventus Domini", Herrens kome, står for døra.

Altertavla på forsida vart for snart 600 år sidan laga på bestilling av ein mann frå Firenze i Italia som heitte Palla Strozzi. Han betalte 300 florinar for arbeidet, om lag seks årsløner, til kunstnaren *Gentile da Fabriano* (1370 – 1427). Tavla stod ferdig i 1423. Ho vart plassert i kyrkja Santa Trinita, men i dag må vi oppsøkja Uffizi – museet i Firenze for å sjå det mest tre meter høge kunstverket.

For å orientera seg i dette kunstverket, kan ein først sjå øverst på bakgrunnen. Her viser kunstnaren vegen dei tre vise menn måtte gå for å nå fram til målet sitt, barnet som var fødd. Dei var innom Jerusalem før vi dei går inn i Betlehem, for til slutt å finna fram til Maria, Josef og barnet som tek imot følgjet utanfor stallen. Biletet er fullt av detaljar med folk og mange slags dyr. Ein har tenkt at dei tre vise menn, eller kongane frå Austerland som dei også vert kalla, ikkje reiste åleine. For det gjorde ikkje kongar på 1400-talet, like lite som kongar i dag gjer det. Derfor er det så mange personar med i framstillinga. Samstundes er alle desse menneska eit bilet på at "heile verda" kom for å møta Jesus.

Scenariet er oppbygd som ein kongeleg audiens, der den heilage familien representerer himmelriket og tek imot utsendingane som kjem. Alle gjestane er kledd i strålande renessansedraktar frå kunstverket si samtid. På den måten kunne folk på fjorten og femtenhundretalet identifisera seg med personane på biletet. Stod dei framfor alteret der tavla stod i liknande draktar, var dei også med på audiensen. Vi kjenner att dei tre vise menn nærmast Maria der ho set på ein stol i sin himmelblå kjole med barnet på fanget. Jesusbarnet velsignar den gamle vismannen.

Jesu fødsel er også med her. Nede til venstre på fotstykket, predellaen, kan vi sjå det. Midt på fotstykket ser vi flukta til Egypt, og til høgre vert Jesus framstilt i templet. Øverst på tavla ser vi engelen Gabriel til venstre koma med bodskapen til Maria, som set øverst til høgre. I midten øverst ser vi Jesus som velsignar. Strozzi som betalte for arbeidet, har også fått plass på biletet. Det er mannen med raud lue like bak den yngste kongen. Kunstverket er laga på trepanel med temperamaling, for dette var før oljemalinga kom i vanleg bruk. Det har gått med mykje bladgull og mange arbeidstimar.

- Kristoffer Foldøy

Eventyret som er verkeleg

Andakt v/ Tom Sverre Tomren

Luk.2 "I dei dager let Keisar August lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda"

Då eg var om lag 4 år hadde eg ein filosofisk samtale med min gamle bestefar:

"Bestefar, er eventyra sanne? " spurde eg.

"Jau, like sanne som at månen er ein gul ost", sa han og lo før han fortsette:

"Kva bruker vi å seie når vi skal fortelje eit eventyr?"

- "Det var ein gong".

"Akkurat, eventyra er ikkje verkelege hendingar. Eventyra skal fortelje oss noko om livet, men dei har ikkje skjedd. Difor byrjar dei med "det var ein gong". Ingenting i eventyra fortel når det skjedde, ingen dato. Ingen ting om kor det skjedde." avslutta han.

Sidan denne samtalet har eg bore med meg ein respekt for eventyra, men eg har også visst at dei er ikkje sanne i den forstand at dei har skjedd.

Kva så med juleevangeliet?

Juleevangeliet er ofte kalla "den største forteljing på jorda", og vi les historia som ei vakker forteljing som skal gje oss rette stemninga, og som kanskje kan læra oss noko vakkert.

I praksis les vi det som eit eventyr: "Det var ein gong".

Men etter den kristne trua er ikkje juleevangeliet eit eventyr: Det er ei verkeleg hending. Hjå Lukas ser vi det gjennom at det har **ei plassering i tida**: Det året keisar Augustus bestemte at det skulle være folketeljing i Romarriket. Og **det skjedde ein stad**: I Betlehem, i ein stall. Vidare vart det **skrive og fortalt** av folk som kjende Maria og Jesus.

Det har derfor ikkje status som eventyr, men som noko som verkeleg skjedde.

Dette skjedde for 2012 år sidan i Betlehem (da Kvirinius var landshøvding i Syria).

Og det som skjedde var vel eigentleg ikkje så sukkersött og høgtidsamt som vi framstiller det jul etter jul?

Når Gud kom til oss og vart eit menneske skjedde det i ei mørk årstid, med gråt og blod og smerte. Ein vanleg fødsel.

Juleevangeliet er ei forteljing om at Gud vart menneske.

I teologien kallar vi dette for inkarnasjon.

Det betyr rett omsett: "Å ta på seg kjøtt".

Juleevangeliet er ei forteljing om at Guds son, Gud sjølv, vart kropp: Eit born av jorda, eit menneske.

Inkarnasjonen er stundom kalla historias største solidariteshandling.

Gjennom barnet i krybba viste Gud sin solidaritet med heile kosmos, med alt det skapte, og med menneskeætta. Han vart ein av oss.

For meg er det eit poeng at Gud ikkje valte å bli født i overklassen eller inn i ein rik familie, men inn i ein vanleg hardt arbeidande familie, ei tømmermanns slekt.

Gjennom livet fekk Jesus vener i alle samfunnslag. Han vanka like godt med dei som var sett på som taparane som med dei som var rike og vellukka. Han gjorde ikkje forskjell på folk, og Han viste dei at alle var elskaa av Gud som dei var.

Bodskapen til Jesus var at vi er elskaa av Gud **som vi er**, og at alt vi menneske treng å gjera for å bli Guds born er å ta imot Guds kjærleik.

Den kortaste julepreika eg har hørt om var tidlegare domprost Øverland-Gjerde i Nidarosdomen. Han las Jule evangeliet, og så sa han :

"Dette tyder:

For så høgt har Gud elskaa verda at han gav sonen sin den einborne ; så kvar den som tru på han ikkje skal verta fortapt ,men ha evig liv".

Så gjekk han ned frå preikestolen.

Juleevangeliet er ikkje eventyr: Det skjedde i Betlehem, i dei dager keisar August lyste ut at det skulle takst manntal over heile verda. Det skjedde for oss.



HAMRE DIREKTE PÅ LUFTA

Helgemessesøndag 4. november fekk heile landet sleppa inn i Hamre kyrkje og vera med på NRK si direktesende gudsteneste. Den tok seg svært godt ut, for både innhaldet i gudstenesta og regien på sendinga var framifrå. Dei medverkande blei sjølvsgatt stressa med eit ekstra krav til presisjon og tidsbruk. Det var tida mellom 11.00 og 12.00 som skulle fyllast. Dei kom suverent i mål, med 30 sekund klarin.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

Hamre kyrkje var omrent fullsett då organisten John William Kay let dei første tonane av komposisjonen "Vestafor" finna samklang med hardingfeletrioen framme i koret. Under dette preludiet kom prosesjonen inn med konfirmantar, dåpsfølge, prest og klokker og så var gudstenesta i gang.



Kameraet som var plassert i koret. Jenny Eikeland som var klokkar under gudstenesta, er tilskodar.

Det var i vår NRK tok kontakt med soknerådet om sendinga. Direktesent fjernsyn krev mykje førebuing, og NRK sine folk tek ikkje lett på slike oppgåver. Alt blir "spikra" ned til den minste detalj med kameravinkling og tidsbruk. Før overføringa tok til gjekk soknepresten vår, Inge Sørheim, gjennom nokre punkt i gudstenesteprogrammet med dei som var i kyrkja der det var spesielt viktig at alle var presise. Vi fekk også syngja ein salme for at lydteknikken skulle få testa lyden.

NRK hadde eit team på 15 personar i sving på Hamre denne dagen. Dei hadde fire kamera "on line" heile tida, og kommandosentralen hadde dei rigga til i sakrestiet. Her sat producer og bestemte kva for eit kamera som blei nytta til ei kvar tid, altså kva for eit bilet som blei sendt ut. Inne i kyrkja kunne ein sjå at det lyste raudt på det kamera som var aktivt. Men for dei som såg på sendinga, var dei store kamera omrent fråverande i biletet.

Kyrkja var lyssett frå store lysriggar oppe under taket og ein del enkle lyskastarar rundt omring. Sjølv om kyrkerommet var uvanleg sterkt opplyst, gjorde lyskvaliteten og lyssetjinga stemninga i både skip og kor varm og intim. I det klare lyset kunne ein sjå dekordetaljar på veggene som vanlegvis ligg i halvmørke. Kamerafolka var flinke til å leita opp biletetaljar og utskjeringar som passa med innhaldet i gudstenesta, og la dei inn slik at det var lite å kjeda seg over for dei som såg sendinga. Vindaugekkja mot vest var trekt over med ein lys duk slik at sollyset ikkje kom direkte inn. Dei NRK – tilsette sa at det var svært enkelt å plassera lysrigg og anna utstyr i kyrkja, her var så mykje å hengja ting på og å gøyma kablar og ledningar bak.

Medan hovudsentralen og ein masse teknisk utstyr var plassert i sakrestiet, var presten sitt vesle kontor omgjort til sminkerom. For sminkør var det også med i teamet, så aktørane fekk pudra nasen og gjort seg opptaksklare.

Inge Sørheim fann seg fort til rette framme i koret og rampelyset, og styrte oss lett og stødig gjennom dei ulike delane av gudstenesta. Talen hans tok utgangspunkt i Matteus 5., 13 – 15 som mellom anna handlar om at kristne skal vera synlege i verda slik som lyset er det. Jesus hadde sjølv kalla seg for lyset i verda. Inge nytta kvitfargen som eit bilet på dette



Sminkerommet: Tidlegare prestar ser med undring ned frå veggen på kontorpulten.

kristne lyset. Han viste til kvitfargen på dåpskjolen, konfirmantkappa, brudekjolen, sin eigen prestedrakt og liksvøpet som eksempel.

Til dei liturgiske delane fekk kyrkjelyden god støtte av Osterøy kyrkjekor, dirigert av Linda Rea Herland. Koret song også vakkert a capella ”Evige Gud, vi tilber deg!” Og så var dei gode å ha med under salmesongen.

Det var fleire fine og varierte musikalske innslag under gudstenesta. Stina Aakre Vevle song ”Gje meg handa di, ven” og ”Den store kvite flokk” til akkompagnement av orgel og hardingfelespelarane Tuva Sunniva Bolstad, Brage Thunestvedt Hatløy og Silje Midtbø Vevle. Det var sjølv sagt ikkje tilfeldeg at sistnemnde song kom direkte etter preika.

Elin Elisabeth Eggen framførte ”Vær meg nær, å Gud” med tonefølgje av Heine Tjoflot på gitar og Erik Njåstad på kontrabass i eit vart og fint arrangement av Heine.


To born vart døypt, endå til to søskener. Faren til borna, Roar Moen, las tekstar og bøner i samband med dåpen. Ei gruppe frå den nokså ferske konfirmantgruppa hjelpte til under gudstenesta, dei las også forbøn for kyrkja og verda.

Under bønevandringa kunne ein tenna eit lys, og dersom nokon hadde gløymt at gudstenesta gjekk på lufta, fekk dei ei påminning då Inge Sørheim oppmoda også fjernsynssjåarane til å tenna eit lys der heime og vera med i bønefellesskapet. Gudstenesta vart avslutta med eit flott Vivaldi – stykke transkribert for orgel.

NRK – folka var svært nøgde etter avslutta sending, og gav ros til soknerådet på Hamre, til prest og tilsette og alle andre som hadde vore med på gudstenesta og i apparatet rundt. Produsenten sa at det var sjeldan dei sende gudstenester frå distriktet, men at denne erfaringa var svært positiv. Ho var også nøgd med det store frammøtet. I Bergen var det slett ikkje vanleg med full kyrkje, sjølv om det vert annonserat at gudstenesta skal fjernsynsoverførast, sa ho. ”Dette vart ei flott stund”, la ho til.

På spørsmålet om den fjernsynsoverførte gudstenesta hadde vore strevsam å jobba med, svara Marit Angelskår i Hamre soknerådet slik: ” Nei, dette har vore spennande. Det var jo kult at dei første som leiger borgstova no etter oppussinga er NRK.”

Helgesesegudstenesta frå Hamre kyrkje kan alle framleis sjå på internettet, nrk.no.



Sakrestiet var propfullt med teknisk utstyr.

NRK NØGDE MED SAMARBEIDET

Kjære alle dere som var med i Hamre kyrkje på søndag!

En stor takk fra oss i NRK for at vi fikk være med og sende Helgemessegudstjeneste fra Hamre kyrkje. Det har vært en glede samarbeide med dere.

Gudstjenesten ble nydelig - dere hadde jobbet så godt med innholdet. Flinke musikere og nydelig musikk hele veien. Det var perfekt med mye folkemusikk og med hardingfeler denne dagen i denne kirken. Og Osterøy kyrkjekor og Heines band kom inn med nydelige musikalske innslag. Postludiet var helt fantastisk og kom som et musikalsk høydepunkt på slutten - takk William. Veldig god formidling fra Inge og fra dere som leste tekst og bønn. Når dere i tillegg har en så utrolig vakker kirke gir det et ekstra løft til TV-sendingen. Ingemar Valestrand og Britt Reigstad Clausen var med å gi en fin nærlhet med sine personlige fortellinger og lystenning på kirkegården. Og så var det unikt at vi kunne filme kloknering slik som i Hamre kirke. Bildene av Ulf som ringer med klokkene var perfekt for TV-sendingen.


Takk til Åshild Tepstad og de andre som hjalp til i Borgstova. Takk til alle medvirkende. Og takk til Inge som har gått fremst for å få til dette og til Ulf for all god hjelp. Det er ikke en selvfølge at dere sier ja til å gjøre om dåpsakristiet til regikontroll og prestesakristiet til sminkerom for NRK, men dere gjorde det uten å nøle.

· Gudstjenesten ligger nå på NRKs nett-TV under G for gudstjenester.

· Av alle som så på TV i Norge kl 11 – 12 på søndag var det 13,5% som så på Helgemessegudstjenesten fra Hamre kyrkje. Det er slett ikke verst.

Tusen takk for oss.

**På vegne av hele NRK-teamet,
Aller beste hilsen, Gunn Aasen**




Frå fjernsynssendinga, sokneprest Inge Sørheim. (Foto: NRK Hordaland)

VISMANNSFOREDRAG I HAMRE KYRKJE

I år er det tidlegare biskop Ole Danbolt Hagesæther som vil halda det årvisse vismannsforedraget i Hamre kyrkje.

Han vil ta utgangspunkt i dei som kom med gåver til Jesusbarnet, og spørja:
Kva ville vi lagt fram for han?

Alle er velkomne i kyrkja
fredag 30. november klokka 19.00.



Brev frå eit hjørne i verdas nyaste land Sør Sudan


Mest i hjørnet med naboen i øst Etiopia og naboen i sør Kenya ligg fredlandsbyen Kuron. Eg er i verdast nyaste land – Sør Sudan. Oppretta 9. juli i fjor. Her har eg vore i september, oktober og november. Medan de heime får den fyrste snøen går eg inn i tørketida med det som høyrer til.....

I ein FN rapport eg fekk hin dagen vart Kuron omtala som; «in the middle of nowhere». (I midten av ingen stad) Visst er det mogleg å beskrive staden slik, men ein annan FN medarbeidar (Begge innom med sine store helikopter.) omtala fredlandsbyen som «Edens hage» og det er for så vidt like rett. Uansett kan det seist kort og godt at her er det einaste skule og helsetilbodet på ei god dagsreises avstand. Då er dagsreisa rekna som tørketidskjøring. I regntida kjem du knapt fram i det heile med bil. For ein lokalbefolking som brukar beina er jo dette greitt, men for oss som skal få inn forsyningar og materiale til bygging, medisinar, vaksiner (som er nedkjølte eller frosne) vert det ei ekstra utfordring. Småfly vert redninga – om lag 1,5 time frå hovudstaden Juba. Eit fly kostar kr.10.000 og tar om lag 1000 kg.

Her på denne «Gudsforlatte» staden har eg møtt Gud meir enn noko gong. Eg høyrer Biskop Emeritus Paride sine ord; «God will make us make it». (Gud vil hjelpe oss til å klare det.)



Frå fredlandsbyen i Sør-Sudan.



Frå venstre: Fader Taban og fader George.

Og eg opplever at om alt ser håplaust ut med norske øye, så løysr det meste seg til det beste. Og om ikkje til det aller beste – så i alle fall godt nok.

Me arbeider mellom eit halvnomadisk kveg folk- Toposa. Dei er sort sett bufaste i regntida frå april til oktober, men trekker mot beiteområda når tørken kjem. Kveget er livet for dette folket – dei kjem framom alt og det gjer utviklingsarbeid ekstra utfordrande. Men dei veit dei er sårbar og me trur dei tar endringane – saktesakte. Opplevde til dømes at då me starta meslinge- vaksining i ein landsby, stod snart mødrene i kø med ungane sine på helseklinikken her. Dei hadde fått med seg at dette kunne hindre at barn døydde av meslinger. (Noko som har vore vanleg her når desse epidemiane oppstår.)

Og så på søndagens gudsteneste (om ikkje på NRK som i Hamre) er det godt oppmøte – mest av dei nær 200 skuleungane som bur på internatet her, tilsette i landsbyen og nokre Toposae. Om dette er aldri så katolsk, er det liv og røre. Trommer, rytmeinstrument og eit kyrkjekor med ein gjennomsnittsalder som ligg 40-50 år under Osterøy kyrkjekor..... Dans – klapping og bevegelsar – her er det liv..... Og «Father» George held preiker der Jesus vert så tydelegjort at eg grin mest av glede når eg høyrer på. Han er rådgjevar for arbeidet i landsbyen og er ei god prestestøtte for biskopen som feira 75 år i fjor. Dessutan ein god samtalepart for ein nordmann som treng øvingar i tålmod og mykje anna....

Informasjon: www.kuronvillage.net Norwegian Friends of Peace Village Kuron har konto nr. 1503.17.70014.

Tusen takk for gåvene som kom etter sist nr. av kyrkjehelsing!

- Åge Clausen

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HOSANGER



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Eli Johanne G. Gald, Sokneprest Inge Sørheim, Kari H. Askvik, Inger Johanne B. Svenheim.

2. rad frå v. Torill Vare Stamnes, Ruth N. Heggertveit, Unni P. Laastad, Britt Ninni E. Fitje, Karin Ingunn B. Hatland, Margot G. Fitje.

3. rad frå v. Harry Nonås, Jorunn Kleppe, Jorun Margrete B. Berentsen, Eli E. Daae, Leif Olav Tepstad.

4. rad frå v. Frank Asle Hansen, Svein Åke Kleppe, Harald Atle Lillejord, Kåre Olav Bernes.

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I BRUVIK



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Berit Solfrid Løtveit, sokneprest Tom Sverre Tomren, Hild Solveig Breivik.

2. rad frå v. Astrid Margrethe Håbjem, Arne Fosse, Svein Erling Høylo, Terje Skaftun, Liv Marit Klette.

3. rad frå v. Ole Johan Faugstad, Erling Dagmund Bruvik, Torstein Sigmund Langhelle.

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I GJERSTAD



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Astrid Skjerpning, Ragnhild Hauge Hovde, sokneprest Tom Sverre Tomren, Astrid Margrete Marta Riple Ådland, Rasmus Kleppe.

2. rad frå v. Aud Margun Johnsen Overøye, Astrid Grytås Elvik, Margot Torild Birkeli, Grete Marit M. Baade Solheim, Jane Solberg, Marit Solberg Vevle, Myrtel Reigstad, Kari Jacobsen Elvik.

3. rad frå v. Svein Gjerstad, Kåre Fossdal, Aksel Sveinung Låstad, Rasmus Solberg, Odd Arne Hovden, Dagfinn Revheim, Roald Låstad.

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HAMRE



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Britt Margot Fyllingsnes Vaktskjold, Annlaug Hjelmås Kvamme, Bodil Arny Sudman Tunheim, sokneprest Inge Sørheim, Kari Hagesæter Eidsheim, Anny Nepstad Reigstad, Turid Karin Håland Røsland.

2. rad frå v. Eldbjørg Hårklaup Mjanger, Legun Tvedt Thomsen, Tone Reigstad, Brita Haukås Nedreås, Borghild Midtgård Herland, Kjell Åge Olausson, Liv Gunhild Børteit Skår, Margunn Brakestad Hannisdal, Gunvor Sjursæter Soltveit, Åshild Eikelund Tufta.


3. rad frå v. Olav Hustrulid, Bernt Johan Flæsland, Anne Karin Hagesæter Reigstad, Ingrid Margrethe Bjelde Morken, Turid Reigstad, Kjell Åge Olausson, Jan Ove Grøttveit, Karstein Tvedt.

4. rad frå v. Ragnvald Valle, Oddvar Fyllingen, Helge Henriksen, Bjarne Henriksen, Gunnar Reigstad, Helge Grøttveit, John Ivar Eidsnes, Anders Myhr.

BORGSTOVA PÅ HAMRE ER I BRUK ATT

Det var ein stor dag for Hamre Sokneråd då vi, i slutten av oktober, kunne ha vårt første soknerådsmøte i ei "ny" Borgstova. Etter mange, mange dagnadstimar kunne ta vi ta den i bruk. Dufta av nysteikte vaflar møtte oss i døra, og vi kunne nyta både dei og stova med lyse, fine fargar. Heile 1, etasje er malt, Vi har slått ut vegg til det gamle bårerommet og her har vi fått flott kjøken med både komfyr, kjøl- og fryseskap. Den største utfordringa var kanskje det som skulle gjerast utvendig. Været var slett ikkje på vår side. Men i midten av mai starta vi med skraping og høytrykkspyling av veggane. Ein del kleddning måtte skiftast, samt at vi skifta ytterdør og vindauge. Dette var eit tømrarfirma som tok seg av.

Etter ferien hadde vi fast dagnadsdag kvar mandagskveld og nokre gjorde og ein innsats utanom dette faste tids-punktet. Etter mange veker med nedbør, fekk vi til slutt malt eit strøk utvendig. Det andre strøket må vi ta til våren.



Konfirmantane samla til ei læringsøkt i det nyoppussa rommet. (Foto: Inge Sørheim)



Helga Askeland Mjelstad har samla ein flokk frå den yngre garde til Babysong. (Foto: Roar Moen)

Kva Borgstova skal brukast til? Her er det vel berre fantasien som set grenser. Konfirmantane har hatt si første samling her og Inge prest er overbegeistra. Her er det kjekt å være. Babysongen har og hatt sitt treff her og første helga i november var både kyrkjekor, NRK-team og øvrige deltakrar i tilknytning til TV-gudstenesta samla her til lunsj. Vi vonar at dette skal bli eit "levande" hus som kan brukast til ymse føremål til glede for heile soknet.

Vi vil retta ei stor takk til Osterøy kyrkjelege Fellesråd som gav penger til prosjektet og ikkje minst ei stor takk til alle de som flittig har vore med på dagnadsarbeidet!

- Jenny Eikeland

HAUS KYRKJELYDSHUS - BASAR

Julekveld

Helg over tunet

Endeleg er den der

kvelden vi har venta på

og talt til på adventskalendaren.

Dyra har fått litt ekstra

fuglane juleband

og folket let freden siga inn

Katten ser med mistanke på treet

som har kome inn i stova

som det ligg spennande pakker under.

Merkelege kveld.

det luktar godt av nakkar eller pinnekjøt.

Jul over Osterøy

i år som i åra før

Barnet Maria møy

sveipte på halm og høy,

er ved vår dør.

- Ester Mæhle



Basaren samla eit fullsett kyrkjelydshus laurdag den 20. okt med langt over 100 frammøtte. Det nystarta barnekoret gledde oss med song og Trude Tomren held andakt. Årene gjekk godt unna på dei 4 åretrekningane, borna kosa seg med fiskedam og det blei tid til prat rundt borda med kaffi og kaker til.

Takk til alle som har bidratt med gevinstar både enkeltpersonar, bedrifter og butikkar og ikkje minst takk til alle som har vore rundt i bygda og selt lodd og for alt som kom inn på basaren. Totalt fekk me inn kr 60000.- til inntekt for kyrkjelydshuset. Ein kjempefin innsats.

Det siste året har det vorte gjort endå eit løft både interiormessig innvendig med nyinnreiing i småsalen og supplering av dekketøy. Huset er blitt etterspurt til uteleige og er godt eigna for ulike samlingar; barnedåpar, minnesamvær, familiesamlingar og bryllaup.

Ønskjer du å leiga kyrkjelydshuset, kan du anten ta kontakt med kyrkjekontoret eller leiar i husstyret Nils Lygre

- Haus sokneråd/ husstyret

Gevinstliste Kyrkjelydsbasaren i Haus 20. oktober 2012:

1. Stålbestikk: Magne Rolland
2. Brodert duk: Kari Mjånes
3. Utskoren trefigur i motorsag (ugle): Gunvor Oppkvitne
4. Ullpledd: Lilly Mjelde
5. Dobbelt sengesett: Solveig og Oddvar Hannisdal
6. Gavekort kr. 500.- Kiwi: Mette R Hannisdal
7. Gavekort juletre: Olav Torp
8. Gavekort Hydro Texaco bilvask: Arnhild Mjelde
9. Røykelaks frå Fossen senter: Olav Torp
10. Røykelaks frå Fossen senter: Emilie S Seilen
11. Røykelaks frå Fossen senter: Inger Lygre
12. Herregensar frå Norlænder: Inge A Hansen
13. Flettakorg: Kari Mjånes
14. Orkide: Anne Mari Hannisdal
15. Fruktkorg frå OPRO: Olav Hannisdal
16. Gavekort kr. 100.- frå Litland: Roar Loeshagen
17. Dobbelt sengesett: Lilly Aasheim Solstad
18. Dame ulltrøye: Haus båtlag
19. Barnekåpe: Helga Lone
20. Strikka duk: Helge Torp
21. Orkide: Konstanse Johannessen
22. Foto frå Storebø av Mjeldalen: Harald Løtveit
23. Janus ullundertøy barn: Olav Hannisdal



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

DESEMBER

2. desember 2012, 1. sundag i adventstida:

Gjerstad kl 11: Gudsteneste. Tomren. Markering av ny liturgisk ordning. Sundagsskule under preika. Takkoffer til Misjonshøgskulen.

Hosanger kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Sørheim. Søndagsskulen syng. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag.

9. desember 2012, 2. sundag i adventstida:

Haus kl.11: Høgmesse. Tomren. Takkoffer til Lovsongsheimen i Bangkok. Kyrkjekaffi.

Hamre kl. 17: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Hosanger kl 20: Lysmesse. Sørheim.

14. desember 2012:

Haus kl 19: Julekonsert. Arr.: Haus Musikklag i samarbeid med Haus sokneråd.

16. desember 2012, 3. sundag i adventstida:

Hamre kl.11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

Bruvik kl.16: Lysmesse.Julekonsert Tomren. Elevar frå Bruvik skule og Haus musikklag deltek. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.Kyrkjekaffi.

Hosanger kl.17: Gudsteneste/Me syng jula inn. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Fredag 21. desember 2012

Gjerstad kl.20: Julekonsert. Osterøykoret, Osterøy janitsjar. Solist piano Trent Bruner. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje.

Måndag 24. desember 2012, julaftan:

Bruvik kl.12.30: Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Hosanger kl.14: Familiegudsteneste. Sørheim. Fotlandsvåg musikklag deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14.30: Familiegudsteneste. Tomren. Osterøy janitsjar deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl.16: Familiegudsteneste. Sørheim. Hjellvik Musikklag deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Tomren. Haus Musikklag deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Tysdag 25. desember 2012, juledag:

Haus kl.12: Høgtidsgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun. Kyrkjekaffi i prestegården.

Hamre kl.12: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Sørheim. Valestrand musikklag deltek. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Onsdag 26. desember 2012, 2. juledag (Stefanusdagen):

Gjerstad kl.12: Høgtidsgudsteneste. Tomren. Takkoffer til NMS Døveprosjektet i Kamerun.

Bruvik kl.18: Høgmesse. Tomren.

Måndag 31. desember 2012, nyttårsaften:

Haus kl. 12: Nyttårszugudenste. Tomren.

Hosanger kl. 23:15: Midnattsgudsteneste. Lystenning. Nattverd. Sørheim.

JANUAR

Sundag 6/1-2013, Kristi openberringsdag

Gjerstad kl 11: Lekmannsgudsteneste.Madli Hannisdal.

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Sundag 13/1-2013, 2. sundag i openberringstida

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Avskil med Kantor Kåre Rivenes. Takkoffer til kykjelyden sitt kyrkjemusikalske fond. Arrangement i kyrkjelydshuset etter gudstenesta.

Hosanger kl 19: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.Osterøy Gospelkor deltek.

Sundag 20/1-2013, 3. sundag i openberringstida

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Sundag 27/1-2013, Såmannssundagen

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Utdeining av Godt Nytt til 11-åringane. Osterøy Gospelkor deltek.

FEBRUAR

Sundag 3/2-2013, Kristi forklæringsdag

Hosanger kl 11: Familiegudsteneste. Sørheim.

Sundag 10/2-2013, Fastelavenssundag

Hamre kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Haus kl 11: Familiegudsteneste. Tomren. Utdeining av bok til 6-åringane.

Bruvik kl 17: Familiegudsteneste. Tomren. Utdeining av bok til 6-åringane. Osterøy Gospelkor deltek.

Onsdag 13/2-2013, Oskeonsdag

Gjerstad kl 19 Fastegudsteneste. Tomren.

Sundag 17/2-2013, 1. sundag i fastetida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.

Sundag 24.2-2013, 2. sundag i fastetida

Gjerstad kl 11: Gudsteneste med stor valfridom. Tomren.

50 - ÅRSKONFIRMANTAR I HAUS



Fotograf Storebø

3. rad frå v: Trond Bjørsvik, Øyvind Litland, Terje Tunes, Terje Herfindal, John Rivenes, Leif Skår, Odin Ådland.

2. rad frå v: Sigrun Eide, Anne Karin Rivenes, Solveig Kolnes, Reidun Hauge, Geirlaug Gullaksen, Grete Tunes Bjelland.

1. rad frå v: Ragnhild Nordvoll, Inger Johanne Vindenes, Liv Teigland, Tom Sverre Tomren, Anne Sofie Tvedt, Inger Marie Proos, Elly Vevle.

KONSERTAR

Onsdag 5. desember 2012

Bruvik kyrkje kl 20: Konsert med Karoline Kruger og koret TAUS. Tilskipar Rainbow Foundation.

Fredag 14. desember 2012

Haus kyrkje kl 19: Julekonsert med Haus musikklag og Breistein mannskor. Tilskipar Haus musikklag i samarbeid med Haus sokneråd.

Sundag 16. desember 2012

Bruvik kyrkje kl 16: Lysmesse/Julekonsert. Tomren. Deltaking av elevar frå Bruvik skule og Haus musikklag. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Tilskipar Bruvik sokneråd.

Sundag 16. desember 2012

Hamre kyrkje kl 19: Julekonsert. Deltakarar Reppen, Hjellvik musikklag og Valestrand musikklag. Tilskipar Valestrand musikklag.

Fredag 21. desember 2012

Gjerstad kyrkje kl 20: Julekonsert med Osterøykoret og Osterøy janitsjar. Trent Bruner, pianosolo. Tomren. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje. Tilskipar Osterøy janitsjar i samarbeid med Gjerstad sokneråd.

JULEKONSERTAR MED OSTERØYKORET:

14.12: Hosanger kyrkje kl. 20.00

16.12: Haus kyrkje kl. 18.00

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46, mobil 970 25 127
Roger Breivik, mobil 913 82 424

KYRKJESKYSS TIL HAUS:

Frå Sundland / Votlo: Anette Kårvatn 908 74 357

Frå Havrå / Kvisti: Signe Hannisdal 991 24 257

Frå Rolland / Mjeldalen: Madli og Olav Hannisdal 913 30 928

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje!
Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.*

Slekters gang

Døypte: Haus

16.09.12 Julian Kleppe Waagbø
 16.09.12 Snorre Loftaas Vatle
 21.10.12 Maiken Riple Eidsnes
 21.10.12 Trym Hanstveit Bøe
 18.11.12 Astri Edith Elisabeth Ådland
 (døypt i Samnanger)

Gjerstad

23.09.12 Torvald Reigstad
 23.09.12 Ylva Mathea H. Bønes
 23.09.12 Henrik Audestad
 14.10.12 Krister Hatland Bjørsvik
 28.10.12 Svana Mjelde Sigurdarsdottir
 18.11.12 Tori Elida Rongved
 18.11.12 Adrian Jensen Fotland (busett i Oslo)

Hamre

24.06.12 Martin Santos-Valestrand
 23.09.12 Julie Lykke Mjelstad-Husebø
 07.10.12 Agnete Mariell Linge Sleire
 07.10.12 Anna Fotland-Magnussen
 04.11.12 Alise Moen
 04.11.12 Mathias Moen

Hosanger

09.09.12 Henrik Jacobsen
 30.09.12 Morris Aagesen Fitjar
 11.11.12 Sander Arnesen Tysse Bruvik
 02.09.12 Emilia Alexandra Hartveit

Vigde:

Hamre

13.10.12 Katrine Arnesen Mostrøm og Åge Mostrøm
 10.11.12 Lene Hosøy og Christopher Rene Solheim

Gjerstad

27.10.12 Eli Lunde Simmenes og Bjarte Vik

Hosanger

10.11.12 Kari Bysheim og Mats Neu Hatland

Gravlagde:

Bruvik

23.10.12 Birger N. Synsvoll (f.1906)
 16.11.12 Gudrun Bruvik (f.1921)

Hamre

06.09.12 Tordis Hannisdal (f.1950)

Hosanger

28.09.12 Per Forthun (f.1924)

09.11.12 Johannes Hartveit (f.1927)

Gjerstad

14.09.12 Håkon Berner Rød (f.1931)
 18.09.12 Halvard Kleiveland (f.1981)
 21.09.12 Johannes M. Kleiveland (f.1920)
 25.09.12 Alfred Skålevik (f.1923)
 02.10.12 Ingeborg Nygård (f.1923)
 30.10.12 Aslaug Laastad (f.1917)
 02.11.12 Jens Njåstad (f. 1943)

JUL FOR ALLE

Julekveldskafe i Haus kyrkjelydshus 2. juledag kl. 18.00.

Har du lyst å møta nokon å prata med i jula over ein kopp kaffi med litt attåt?

**Velkommen til ei hyggeleg uformell stund for alle som syns det hadde vore kjekt å vera saman med nokon.
 Ta gjerne med deg litt godt til å dela (småkaker, bollar eller anna), eller berre kom som du er.**

ARR: Diakoniutvalet/Haus sokneråd

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedde-mål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

Til kyrkjelydane

Gjerstad sokneråd har som mål å få mest mogeleg gjenbruk og minst mogeleg søppel.

I samband med dette tenkjer me oss mellom anna å tilby ein Gjenbruksverkstad for born og vaksne i forkant av jula 2013.

Fokus vil vera gjenbruk, bruk av naturmateriale, oppatnyting av julekransar og anna.

Me oppmodar folk til å ta heim kransane når våren kjem, og at de tek vare på dei til oppatptynting. Dette kan ein gjera sjølv, eller ein kan ta dei med på Gjenbruksverkstaden og få hjelp/idear. Mosekransar vert fine att med litt fukting, og det vert andre kransar òg med ny pynt/grønt.

Kransar tek utruleg mykje plass i bosset, så her kan det vera hjelp til litt mindre irritasjon for seg sjølv og andre. Saman kan vi alle bidra til å gjere kyrkjegarden fin og ryddig. Ha dette i tankane no når de skal pynta gravene til jul.

Føler ein for det, kan ein gjerne ta blomsterpotter med heim og ha dei i plastsekken for gjenvinning om ein ikkje vil bruka dei opp att.

Det same gjeld posar, dei kan gå til gjenvinning. Me håpar alle sokna vil setja dette på dagsorden.

Me vil og oppmoda til å tenkja på alternative julegåver som til dømes opplevelingar, tenester, heimelaga gåver og anna, særleg til "den som har alt".

Kvar enkelt av oss kan gje sitt bidrag til at etterkomarane våre framleis har ei levande jord, sjølv om det ser smått ut i den store samanhengen.

Me i Gjerstad sokneråd planlegg og å få til bytte-marknad eller loppemarknad til våren 2013. Dette kjem me nærmere attende til i neste nummer av kyrkjehelsing.

Med ynskje om ei GOD JUL!

- *Gjerstad sokneråd, diaconiutvalet*

Det er tid å takka av for kyrkjeåret 2012, og ønskja alle ei fin førjulstid og ei fredeleg jul når vi kjem så langt.

Stoff som skal med i neste nummer må vera innsett innan **10.februar 2013**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no